

Turid Husdal Haugsvær
Blindheimsvegen 5
5131 NYBORG

Referanser:
Dykkar: Ref.:XXNQXT-
Skjemanr.:5367
Vår: 23/2294 - 23/34574

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
04.05.2023

Melding om utført retting av bygningstype i matrikkelen - gbnr 230/1 Husdal

Viser til innsendt krav om endring av bygningstype datert 12.03.23. Saka har vore vurdert etter plan- og bygningslova (PBL) av byggesaksavdelinga og er sendt kart- og oppmåling for vurdering etter matrikkellova. Ynskja endring er søknadspliktig etter PBL, men matrikkelen skal registrera faktisk bruk av bygg og ikkje berre lovleg etablerte bygg.

Bygningstypen er no endra frå 241- annen landbruksbygning til 161-fritidsbygg. Det er tildelt adressa Molvikavegen 28. Det vert sendt eige vedtak om adressetildelinga.

Vurdering:

De har sendt inn krav om endring av bygningstype frå type- ukjent/usikker, til type163-våningshus som benyttes som fritidsbolig. Bygningstypen som vert rett her: 161-fritidsbustad står ikkje på skjemaet.

Slik de opplyser og slik me vurderer dette bygget etter innsende teikningar og kjennskap til bygget, er dette ikkje noko våningshus (heilårsbustad på landbrukseigedom), men det framstår som ei enkel hytte/ fritidsbustad med eit bruksareal på nesten 42 m2. Bygget vert registrert berre med 1 rom, då soveromma er for små til å vera målbare rom (min 6 m2). Bygget er registrert på bnr.1, då det berre skal vera peikar til ein eigedom frå eit bygg. Det er ikkje opplyst tilhøver kring vatn/avløp.

Opphavet til registreringa av dette bygget er MABYGG-prosjektet, ei massivregistrering i 1993-95 av alle eldre bygningar, der ein nytta kart og lokal kjennskap til å registrera type bygg. Her vart det dessverre gjort ein del feilvurderingar.

Byggesaksavdelinga skriv at endringa av bygget som vart gjort på 70-talet var søknadspliktig. Registreringa i matrikkelen, etter faktisk bruk inneber då ikkje noko godkjenning av bygningstypen/ bygningsendringa etter plan og bygningslova.

Konklusjon:

Då bruken av bygget og kravet frå grunneigarar tilseier at dette bygget er ei hytte, vert bygningstypen endra frå 241- annen landbruksbygning til 161-fritidsbygg.

Avdelinga som lagar grunnlaget for kommunale avgifter får melding om endringa.

NGIR (renovasjon) får også melding om utført endring.

Vedlagt ligg bygningsrapportar som viser kva som var/ er registrert om bygget i matrikkelen, før og etter endringa.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mariann Husdal
Turid Husdal Haugsvær

Heiane 7
Blindheimsvegen 5

5131 NYBORG
5131 NYBORG